



**Norges
Skiforbund**

Sogn og Fjordane
Skikrins

ANLEGGSPLAN

for Sogn og Fjordane Skikrins

2025-2029

INNHALDSLISTE

1. Innleiing	s. 3-4
1.1. Norges Skiforbund	s. 3
1.2. Sogn og Fjordane Skikrins	s. 3
1.3. Klassifisering av anlegg	s. 4
1.4. Berekraft	s. 4
2. Rammevilkår	s. 5-9
2.1. Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	s. 5-6
2.1.1. Bakgrunn	
2.1.2. Rammefordeling av spelemidlane	
2.1.3. Fylkeskommunale kriterier for fordeling av spelemidler	
2.1.4. Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen	
2.2. Kommunedelplanar	s. 7
2.3. Tilskot- og finansieringsordningar	s. 7-9
2.3.1. Spelemidler til anlegg og fysisk aktivitet	
2.3.2. Anna finansiering/ tilskot	
3. Anleggssituasjonen i Sogn og Fjordane – status	s. 10-13
3.1. Langrenn	s. 10
3.2. Alpint	s. 11
3.3. Hopp/ kombinert	s. 12
3.4. Freeski	s. 13
4. Utbyggingsbehov/ kvalitetskrav for drift	s. 14-19
4.1. Langrenn	s. 14-16
4.2. Alpint	s. 16-17
4.2.1. Ver- og klimautfordringar	
4.2.2. Større alpinanlegg	
4.2.3. Mindre alpinanlegg	
4.3. Hopp/ kombinert	s. 17-18
4.4. Freeski	s. 18-19
4.5. Skileikanlegg/ basisanlegg	s. 19-20
5. Handlingsplan	s. 21-23
5.1. Nye anlegg	s. 21
5.2. Nærmiljøanlegg	s. 21
5.3. Rulleskiløyper	s. 21
5.4. Rehabilitering	s. 22-23

1. INNLEIING

1.1 Norges Skiforbund

Norges Skiforbund arbeider etter Skipolitisk Dokument vedtatt av Skitinget. Anlegg er eit av innsatsområda i planen. Måla innanfor anleggsområde som blir vedtekne på Skitinget kvart andre år legg føringar for dei planar skikrinsane og laga skal arbeide etter.

Norges Skiforbund skal arbeide aktivt for å sikre skiidretten ein rettmessig del av midlane som gjerast tilgjengeleg gjennom spelemiddelordninga. Den statlege anleggsolitikken fokuserer på anlegg for born og ungdom i lokalmiljøet, rehabilitering og større satsing i storbyane. I anleggsarbeidet ynskjer Norges Skiforbund å bidra til at anleggsmassen utviklast på ein måte som skiidretten er mest tent med.

Visjonen som Norges Skiforbund arbeider etter er *Skiglede for alle*. Gode tidsriktige og snøsikre anlegg er ein av dei viktigaste føresetnadane for vekst og utvikling i skiidretten.

Gjennom den til ei kvar tid gjeldande strategiplan har Norges Skiforbund eit styringsverktøy for utvikling av skianlegg i Norge. Planen er presentert på Noregs Skiforbund sine nettsider.

1.2 Sogn og Fjordane Skikrins

Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) har ein anleggskomite som fungerer som bindeledd mellom laga og offentlege organ på kommune og fylkesnivå.

SFSK tek sikte på at planen skal følgje planverket til fylkeskommunen innan for området idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Anleggsplanen for skikrinsen som no ligg føre for perioden 2025-2029, bygger for det meste på tidlegare registreringar.

Laga er i planprosessen oppmoda om å endre faktaopplysningane for sine anlegg.

Planen er bygd opp slik:

- I kapittel 2 presenterer ein eit oversyn over dei rammevilkåra som gjeld for planlegging og utbygging av nye skianlegg, i form av offentlege plankrav samt planar og tilskotsordningar.
- I kapittel 3 gjev ein oversyn over status for skianlegga i Sogn og Fjordane. Anleggsituasjonen vert presentert greinvis.

- Kapittel 4 vert brukt til ein analyse av behov for nye anlegg og rehabilitering.
- I kapittel 5 vert handlingsplanen for dei kommande åra presentert.

1.3 Klassifisering av anlegg

Kulturdepartementet ha definert anleggskategoriene slik:

Nærmiljøanlegg	Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørs anlegg eller område for eigenorganiser eller anna fysisk aktivitet som ligg i tilknytning til bu- og/ eller opphaldsområde. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert fysisk aktivitet, og skal ikkje ivareta den organiserte aktiviteten sitt behov på fast basis. Det er ein føresetnad at nærmiljøanlegget er allment tilgjengeleg.
Ordinære anlegg	Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Kjelde: Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024. Det Kongelige Kulturdepartement.

1.4 Berekraft

Berekraftig samfunnsutvikling har ei sentral rolle i strategidokumentet til Norges Skiforbund. Vi skal skape tilgjengelege skiarena der ein kan møtast, lære, konkurrere og feire, samt bevare vinteren og skigleda ved å utvikle idretten på ein mest mogleg berekraftig måte.

Snøsikre anlegg er ein av dei viktigaste føresetnadane for vekst og utvikling i skiidretten. Eit overordna fokus på ansvarleg forbruk og produksjon der moderne, energi-effektive anlegg blir prioritert er viktig for å skape gode snøproduksjonsanlegg. Haldningsskapande arbeid om ivaretaking av natursnø, snølagring og moderne snøproduksjon kan vere avgjerande for at anlegga i regionen vår har sesongar med ski-aktivitet i åra framover.

I den komande planperioden vil anleggskomiteen ha eit større fokus på berekraftig anleggsutvikling.

2. RAMMEVILKÅR

2.1 Fylkeskommunale og regionale planar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

2.1.1 Bakgrunn

Det er viktig å få til ei god og riktig utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Generelt er behovet for idrettsanlegg framleis stort i Sogn og Fjordane, men innanfor utvikling av skianlegg har Skikrinsen dei seinare åra ført ein politikk om at ein ikkje har behov for nye anlegg og i staden har retta arbeidsinnsatsen mot rehabilitering og utvikling av eksisterande anlegg.

Det er høg investeringsvilje i Sogn og Fjordane. Dette er i størst grad knytt til anlegg som det er kostnadskrevjande både å investere i og å drifte. Døme på slike anlegg er Ullsheim i Stryn kommune, Jølster Skisenter i Sunnfjord kommune, Langeland Skisenter i Sunnfjord kommune, Sogndal Skisenter i Sogndal kommune, Sogn Skisenter i Luster kommune og Harpefossen Skisenter i Stad kommune.

Etter kvart vert det naudsynt å vurdere kor mange store skianlegg det er behov for i Sogn og Fjordane, og kor mange det er økonomisk og demografisk grunnlag for å drifte.

Vestland er eit av dei fylka der etterslepet på utbetaling av spelemidlar er størst. I snitt tek det om lag 3 år frå ein søker første gang til ein får spelemidlane. Mange anlegg er då allereie ferdig stilt, noko den årlege tildelinga av spelemidlar frå fylkeskommunen syner. Det er positivt med mange søknader, men etterslepet medfører at mange må syte for ei mellomfinansiering i påvente av utbetaling av spelemidlar.

Regionalplan byggjer på vedtekne kommunedelplanar. Prosjekt som skal vurderast for spelemidlar må vere prioritert i vedteken «Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv».

2.1.2 Rammefordeling av spelemidlane

Det har vore praksis at alle som har ein godkjent søknad får spelemidlar. I praksis tyder det at det ikkje har vore noko styrt utvikling av anlegg frå regionalt hald. Dette har fungert fordi ein har vore underdekka på alle typar anlegg. Fylkeskommunen ser det difor som viktig at ein no styrer anleggsutviklinga i større grad enn før.

Dette både fordi det er ynskjeleg å styre utviklinga inn mot anlegg som mange nyttar, og fordi det på noverande tidspunkt er naudsynt å setje eit tak for talet på einskilte anleggstypar.

Jf. Retningslinjer frå fylkeskommunen for tildeling av spelemidlar i perioden 2020-2024:

- Om lag 15% til nærmiljøanlegg
- Om lag 85% til ordinære anlegg

Kommunane vedtek kvart år prioriteringslister for si anleggsutvikling. Fylkeskommunen vil leggje desse til grunn ved tildeling av tilskot til nærmiljøanlegg og ordinære anlegg styrt av kommunale planar.

2.1.3 Fylkeskommunale kriterier for fordeling av spelemidlar

Fylkeskommunen fastsett ikkje anlegg som skal styrast av regionalplan slik som tidlegare, slik planverket ligg føre no.

Vestland fylkeskommune legg følgjande kriterier til grunn for fordeling av spelemidlar:

1. Fylket tek utgangspunkt i dei kommunale prioriteringslistene ved tildeling. Dette betyr at ein i all hovudsak følgjer den prioriteringa kommunane har gjort, men kan gjere endringar dersom der er grunnlag for det (som t.d. at eit ordinært anlegg er prioritert høgt allereie første søknadsår).
2. alle kommunar som søker skal få tildeling til minimum eitt nærmiljøanlegg.
3. Friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar i løpet av dei to første godkjende søknadsåra.
4. Fordeling til kommunane skjer på bakgrunn av vekting av godkjent søknadssum og folketal.
5. For å utjamne ventetida på spelemidlar mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjend søknad i tre år før første tildeling (gjeld ikkje friluftsliv, som kan få tildeling første/andre søknadsår).

Kjelde:

Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024.

2.1.4 Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen

Til og med 2019 var 5 skianlegg i Sogn og Fjordane prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot. I utgangen av 2019 gjorde Vestland fylkeskommune vedtak om at driftstilskotet ikkje vart vidareført i budsjett for 2020.

I 2022 vart det innført ei 3-årig prøveordning der skianlegg i Vestland fylke kunne søke om støtte til drift av preparering for løyper til langrenn og turlangrenn. Vinteren 2025 vart denne ordninga vedtatt som ei fast ordning, med ramme på kr. 500 000,- pr år.

Vestland fylkeskommune, i samarbeid med Vestland idrettskrets, lyser årleg ut driftstøtte på inntil kr. 50 000,- pr anlegg som legg til rette for langrenn og turlangrenn. Alle skianlegg i Vestland fylke kan søke på ordninga.

2.2 Kommunedelplanar

Anlegg som skal få økonomisk støtte, må vere prioriterte i kommunale anleggsplanar. Alle lag med utbyggingsplanar må fremje desse i dei kommunale prosessane.

2.3 Tilskot- og finansieringsordningar

2.3.1 Spelemidlar for anlegg og fysisk aktivitet

Når det gjeld finansiering av anlegg har målsetjinga vore at 1/3 av anleggskostnadane skal dekkast av spelemidlar.

For at anlegga/utbyggjar skal kunne få tilskot av tippemidlane må ein stå i kommunen sin kommunedelplan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. For å få anlegg inn i desse planane må ein signalisere eit behov og lage planar. Planen vert endeleg vedteken i kommunestyret, men vert også handsama i t.d. idrettsrådet der desse finst.

Nærmiljøanlegg

Tilskot til nærmiljøanlegg kan utgjere 50% av godkjent kostnad. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000,-. Nedre beløpsgrense for godkjent kostnad er kr. 50 000,- (tilskot kr. 25 000,-). Anleggstypen er meint å stimulere spesielt til aktivitet blant born og ungdom.

Element som ligg innanfor denne søknadskategorien når det gjeld ski:

- Skileikanlegg (basisanlegg søker som skileikanlegg)
- Alpinbakkar med ein høgdeskilnad under 30 meter
- Hoppbakkar på K-20 og mindre

Tilleggselement som ligg innanfor denne søknadskategorien når det gjeld ski:

- Lysanlegg i tilknytning til nærmiljøanlegg
- Snøproduksjonsanlegg i tilknytning til nærmiljøanlegg for vinteraktivitet

Det er høve til å berekne samla tilskot til eitt anlegg inklusive tilleggselement. Det er ikkje høvde til å berekne eit samla tilskot til fleire anlegg under eitt.

Døme:

Ved etablering av skileikanlegg med både lysanlegg og snøproduksjon, kan kostnadane slåast saman til ein søknad og det kan søkjast om inntil 50 % av godkjent kostnad inntil maks. kr. 900 000,-.

Rehabilitering

Det kan ystast tilskot til omfattande rehabiliteringar av anlegg når dette primært vil gje større og betre tilhøve for aktivitet blant barn og ungdom. Omfattande rehabilitering kan ofte vere like kostbart som nybygg, og må sjåast i samanheng med dette alternativet. Nybygg til ofte kunne vere meir framtidsretta og fleksibelt med

omsyn til dei aktivitetane ein ynskjer eller som kan gå føre seg i anlegget. Søknadsprosedyren er den same som for nyanlegg.

Nye anlegg

Som hovudregel kan ein søkje om tilskot på inntil 1/3 av godkjent kostnad til bygging og/eller rehabilitering av ordinære anlegg. For fleire typar anlegg er det fastsett særskilte maksimale tilskotsbeløp, jf. *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024*.

Storleiken på tilskotet

Jf. *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2024 pkt. 2.6* gjeld følgjande reglar for skianlegg:

Alpinbakkar:

Type; slalåmbakkar

Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,- på kvar av einingane, bakke/skitrekk

Tupe; storslalåm- super-G og utforløyper

Tilskot; etter særskilt vurdering av departementet

Hoppbakkar:

Type; bakke inntil K/W 70 med tilløp, unnarenn, dommertårn, hoppmålartrapp, løpartrapp

Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad maksimal kr. 1 000 000,-.

Bakkar større enn K/W = 70 m etter særskilt vurdering i departementet.

Til hoppbakkar for heilårsbruk kan det i tillegg søkjast om inntil 1/3 av godkjent av kostnad, maksimalt kr. 700 00,- til porselens- eller frysespor og plastdekke i unnarenn.

Skiheis/skitrekk:

Driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn) skal ligge føre før sluttutbetaling av tilskot.

Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,-.

Langrenn:

Type; langrennsanlegg

I eit langrennsanlegg inngår stadion med start-/målområde og stadionløype inntil 0,5 km.

Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700 000,-.

Type; løypetraséar med asfaltdekke

Til løypetraséar for heilårsbruk med asfaltdekke (min. 0,5 km) kan det i tillegg søkjast om tilskot på 1/3 av kostnadane inn til:

- traséarbeid; per 0,5 km kr. 250 000,-
- asfaltering; per 0,5 km kr. 250 000,-
- lysanlegg; per 0,5 km kr. 175 000,-

Snøproduksjonsanlegg:

Det kan ytast tilskot til snøkanonar, pumper, vassbasseng, tilførselsleidningar og anna utstyr som trengst til snøproduksjon. Naudsynte offentlege løyve og konsesjonar for eventuelt uttak av vatn frå vassdrag eller bygging av vassbasseng, må ligge føre før spelemidlar kan utbetalast.

Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,-.

2.3.2 Anna finansiering/tilskot

Ut frå kva anlegg ein snakkar om og kva kommune ein bur i vil det variere kva grad kommunen kan stille opp med økonomiske tilskot ut over det ein får gjennom spelemidlane. Det er likevel verdt å merke seg at dei fleste kommunar stiller opp i større eller mindre grad, spesielt i planleggingsfasen.

Lån, dugnad, eigne kontantar og gåver er elles dei vanlege måtane å fullfinansiere eit anlegg på. Gode avtalar med lokale entreprenørar og nevenyttige medlemmer i idrettslaget er ein viktig del av finansieringa av eit anlegg.

3. ANLEGGSSITUASJONEN I SOGN OG FJORDANE – STATUS

3.1 Langrenn

Det er registrert svært mange langrennsanlegg i Sogn og Fjordane.

Dessverre har mange av disse anlegga relativt usikre snøtilhøve, og tilfredsstillende heller ikkje krava til ein moderne konkurransearena. Ullsheim Skisenter og Langeland Skisenter har løypetrasear som er FIS-godkjende.

I tabellen under vert dei ulike anlegga vurderte med bakgrunn i krav til eit moderne langrennsanlegg. Tabellen viser dei anlegga som har hatt krins-/sonerenn dei seinare åra.

Anlegg	Klassifisering	Homologert	Løype (lengde, topografi, breidde)	Stadion område stafett, fellesstart, sprint)	Snøproduksjon	Servicebygg, toalett, parkering.	Løpar fasilitetar (garderobe, smørebø)	Rulleskiøype	Skileikanlegg/-område
Ullsheim Skisenter (Stryn)	Internasjonal	Ja	God	Ja	Ja	Godt	Godt	Ja	Utv.
Langeland Skisenter (Sunnfjord)	Internasjonal	Ja	God	Ja	Ja	Godt	Godt	Ja	Utv.
Tua Skisenter (Stad)	Nasjonal	Ja	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei	Ja
Vik Skisenter (Vik)	Nasjonal	Nei	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Ja	Nei
Sogn Skisenter (Luster)	KM/Krins	Nei	God	Ja	Ja	Godt	Mangelfullt	Utv.	Ja
Leirdalen Skisenter (Luster)	KM/Krins	Nei	God	Nei	Nei	Godt	Mangelfullt	Nei	Nei
Seimsåsen Skisenter (Årdal)	KM/Krins	Nei	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei	Nei
Hornindal Skisenter (Volda)	KM/Krins	Nei	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei	Utv.
Høgden Skisenter (Gloppen)	KM/Krins	Nei	Noko smalt	Nei	Nei	Manglar servicebygg m.m.	Manglar servicebygg	Nei	Ja
Sogndal Skisenter (Sogndal)	KM/Krins	Nei	God	Utv.	Nei	Godt	Mangelfullt	Utv.	Utv.

Kleivane Skisenter (Gloppen)	KM/Krins	Nei	God	Nei	Nei	Godt	Manglar garderobe	Nei	Nei
Harpefossen Skisenter (Stad)	KM/Krins	Nei	God.	Ja	Ja	Godt	Delvise manglar	Ja	Nei
Kleppa Skisenter (Sogndal)	KM/Krins	Ja	God	Nei	Nei	Godt	Godt, manglar smørjebu.	Nei	Nei
Nordfjord Fritidssenter (Stryn)	KM/Krins	Ja	God	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei	Utv.
Breimsbygda Skisenter (Gloppen)	Krins	Nei	God på opne fjellet	Ja	Nei	Godt	Godt	Nei	Nei
Instedalen skianlegg (Sunnfjord)	Sone	Nei	Noko smalt	Delvis	Nei	Godt	Manglar garderobe	Nei	Ja
Årdalen skianlegg (Sunnfjord)	Sone	Nei	Noko smalt	Nei	Nei	Manglar servicebygg m.m.	Mangelfullt	Nei	Ja
Ålandsleite skianlegg (Stryn)	Sone	Nei	God	Delvis	Nei	Manglar servicebygg	Mangelfullt	Nei	Utv.

3.2 Alpint

Det er registrert 8 større alpinanlegg i Sogn og Fjordane. Av desse er fire i Nordfjord, to i Sunnfjord og to i Sogn. Med større anlegg meiner ein her anlegg som har ein høgdeskilnad over 100 meter.

For kommunane Lærdal, Årdal og Aurland er Filefjell Skisenter eit naturleg å anlegg å bruke til alpinaktivitet, men dette anlegget ligg utanfor fylket og er såleis ikkje teke med i planen.

Vidare har ein ikkje kommentert status og utviklingspotensiale i mindre alpinanlegg som Årbergsdalen i Sunnfjord kommune, Siplo i Høyanger kommune, Kleppa i Sogndal kommune. Det er heller ikkje avvikla terminfesta alpinarrangement i desse anlegga dei siste 10 åra.

Harpefossen Skisenter har homologerte traséar i slalåm, storslalåm og super-G. Sogn Skisenter har homologerte traséar i slalåm og storslalåm, medan Jølster Skisenter har traséar som er FIS godkjent for slalåm og storslalåm. I tillegg har Jølster Skisenter høgdemeter for FIS godkjenning i super-G.

Jølster IL har saman med Jølster Skisenter vore fast arrangør av FIS-renn i slalåm dei seinare åra.

Tabellen viser dei anlegga som har ein høgdeskilnad over 100 meter, og som har avvikla krinsrenn eller tilsvarande dei siste 10 åra.

Anlegg	Slalåm	Storslalåm	Super-G	Snøprod.	Kafe, toalett, varmestove
Harpefossen Skisenter (Stad)	Homologert	Homologert	Homologert	Ja	Ja
Jølster Skisenter (Sunnfjord)	FIS	FIS	Homologert	Ja	Ja
Sogn Skisenter (Luster)	Homologert	Homologert	Krins	Ja	Ja
Stryn Skisenter (Stryn)	Krins	Krins	Krins	Ja	Ja
Sunnfjord Skisenter (Sunnfjord)	Krins	Krins	Nei	Ja	Ja
Hornindal Skisenter (Volda)	Krins	Krins	Nei	Ja	Ja
Sogndal Skisenter (Sogndal)	Krins	Krins	Nei	Ja	Ja
Breimsbygda Skisenter (Gloppen)	Krins	Krins.	Nei	Nei	Ja

Av alpinanlegga er det sju som har snøproduksjon i delar av bakken. Fleire av anlegga arbeider stadig med å utbetre kapasiteten m.o.t. snøproduksjon slik at ein kan legge kunstsno i delar bakken på relativt kort tid.

I tillegg til anlegga ovanfor er der ein del tautrekk/barneheisar lokalisert rundt om i Sogn og Fjordane.

3.3 Hopp/kombinert

I Nordfjord er det hoppmiljø kring Nordfjord Fritidssenter.

Sunnfjord har lite aktivitet, og aktuelle utøvarar trenar og konkurrerer hovudsakleg i andre anlegg.

I Sogn har Hafslo IL aktivitet.

Tabellen viser dei anlegga som har hatt krins-/soneren dei seinare åra.

Anlegg	Ant. bakkar under K-35	Ant. bakkar ml. K-35 – K-60	Ant. bakkar over K-60	Servicebygg, toalett, dommartårn	Moderne profiler	Trasè for langrenn (kombinert)
Nordfjord Fritidssenter (Stryn)	2	0	0	Ja	Ja	God
Sogn skisenter (Luster)	2	0	0	Delvis	Ja	God
Vik Skisenter (Sogndal)	2	0	0	Delvis	Ja	God
Kleiva (Sunnfjord)	2	0	0	Delvis	Nei	God

Preparering av anlegga og utstyr til dette arbeidet må vektleggast ved planlegging og utbetring anlegg, saman med plastlegging av mindre hoppbakkar.

3.4 Freeski

Dei siste åra har det vore stor vekst med freeski-aktivitet i Sogn og Fjordane skikrins. Det er ikkje halde nasjonale- eller krinsrenn i freeski, men det er stor lokal aktivitet i laga.

Freeski-aktivitet skjer først og fremst i dei større alpinanlegga. Mindre anlegg med tautrekk har elles gode moglegheiter for å skape freeski-aktivitet. Saurdal skiarena i Balestrand er eit godt eksempel på dette.

Tabellen viser dei anlegga som har preparert park og/ eller 'big-jump', og som har hatt lokal aktivitet/ treningar dei siste åra.

Anlegg	Park	Big-jump	Snøprod.	Kafe, toalett, varmestove
Harpefossen Skisenter	delvis	nei	Ja	Ja
Jølster Skisenter	Utv.	utv.	Ja	Ja
Sogn Skisenter	ja	ja	Ja	Ja
Stryn Skisenter	utv.	nei	Ja	Ja
Sunnfjord Skisenter	utv.	ja	Ja	Ja
Hornindal Skisenter	utv.	nei	Ja	Ja
Sogndal Skisenter	god	ja	Ja	Ja
Breimsbygda Skisenter	utv.	nei	Nei	Ja
Saurdal skiarena	nei	ja	Nei	Nei

4. UTBYGGINGSBEHOV/ KVALITETSKRAV FOR DRIFT

4.1 Langrenn

Det er lite behov for nye langrennsanlegg, utfordringa ligg i høve til rehabilitering/utbetring og drift av eksisterande anlegg. Her tenkjer ein først og fremst på utbetring av traséar (planering, løypeprofilar, breidde osv.), stadionområde samt etablering av fleire rulleskiløyper i Sogn og Fjordane.

Ved utvikling av langrennsanlegg må anleggseigarane prioritere å legge til rette traséane slik at dei toler mildvêr. Dvs. svært god grøfting/drenering, samt å nytte flisdekke eller tilsvarande som toppdekke i delar av traséen.

Vidare må fleire anlegg vurdere å utarbeide kvalitetskrav for drift av eige anlegg (løypenett). Kvalitetskrava kan vere innretta i høve til tidspunkt og generell kvalitet i høve til preparering. Ein kan også vurdere å stipulere tal dagar pr. veke anlegget skal preparerast. Norges Skiforbund har elles god informasjon på sine nettsider under anlegg som kan vere ei god rettesnor når det gjeld kvalitetskrav for drift av langrennsanlegg.

Erfaringane og problematikken rundt etablering av anlegg for snøproduksjon har vist at dette kan vere ressurskrevjande, men også heilt naudsynt for å sikre stabile langrennsforhold. Over fleire år, og i heile dette årtusen, har det vore fleire sesongar med driftsutfordringar for mange anlegg enn dei snøsikre vintrane. Snøgrensa har trekt seg oppover. Kunnskapen er etter kvart så stor at ein framover i mykje større grad enn tidlegare kjem til å setje krav til høgdemeter, snøsikker infrastruktur som veg, vasstilhøve for snøproduksjon i høve til spelemidlar og utbyggingsbehov.

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i fire kategoriar, der det følgjer ein del krav i kvar kategori.

1. Anlegg for nasjonale- og internasjonale arrangement

Krav: Homologerte traséar, varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflateplanering, "ingen staup", ulike distansar, m.m.), stadionområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafé osv.).

2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap

Krav: Varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflate planering, «ingen staup», ulike distansar m.m.) som stettar krava til homologering, stort stadionområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafé osv.)

3. Anlegg med godkjent standard for renn på krinsnivå

Krav: Gode traséar for klassisk eller friteknikk, hus for arr. og løparar.

4. Sonerenn/lokale renn

Krav: Funksjonelle anlegg som støtter behovet i lokal området. Anlegg for sonerenn er nemnde i tabellen.

Utbyggingsbehov

I tabellen har ein kommentert behovet for endringar i anlegga.

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	Endringar som bør gjerast i anlegget/ kommentar
Ullsheim Skisenter	X			Utbetre/rehab. løypenettet (drenering, breidde). Utvikle skicrossløype og skileikområde.
Langeland Skisenter	X			Lyssetting i FIS-godkjente løyper. Utbetring av løypetrasé (utbreidding, drenering, flislegging). Utvide stadionområdet (undergang/kulvert).
Tua Skisenter		X		Utbetring av traseane, og etablere anlegg for snøproduksjon.
Vik Skisenter		X		Etablere anlegg for snøproduksjon. Utbetring av parkeringsområde og lagerbygg.
Sogn Skisenter		X		Utbetre eksisterande løypetrase og delvis nye traséar. Etablere rulleskianlegg/ sprintanlegg og sikre vatn til snøproduksjon
Seimsåsen Skisenter		X		Ingen større utbetringar.
Sogndal Skisenter		X		Utbetre stadionområde m/sprintløype. Utbetring av eksisterande løypetrasé (FIS homologiserte), Etablere rulleski-anlegg, anlegg for snøproduksjon og skileikområde.
Kleivane Skisenter			X	Utbetre servicebygg med kjøkken/ kiosk. Utbetre og utvide løypetrasé, etablere skileikområde. Vurdere anlegg for snøproduksjon.
Høgdene Skisenter			X	Utbetre servicebygg med kjøkken/ toalett. Vurdere anlegg for snøproduksjon.
Harpefossen Skisenter			X	Oppgradering av lysanlegget.
Kleppa Skisenter			X	Overflateplanering, flytting av startområde
Nordfjord Fritidssenter			X	Utbetre løypetrasé, etablere skileikområde.
Hornindal Skisenter			X	Utvikle skicrossløype og lyssetting av stadionområde (nærmiljøanlegg).
Breimsbygda Skisenter			X	Oppjustering til rundløype (lysløype), sprintløype og skileikanlegg.
Jølster Skisenter			X	Utvikle trasear, stadionområde og servicebygg.

Instedalen skianlegg			Sone	Utbetre trasear. Investere i løypemaskin. Vurdere enkelt anlegg for snøproduksjon.
Årdalen skianlegg			Sone	Utvikle trasear og servicebygg.
Ålandsleite skisenter			Sone	Utvikle skileikanlegg og servicebygg

4.2 Alpint

4.2.1 Vêr- og klimautfordringar

Over fleire år, og i heile dette årtusen, har det vore fleire sesongar med driftsutfordringar for mange anlegg enn dei snøsikre vintrane. Snøgrensa har trekt seg oppover. Kunnskapen er likevel så stor at ein framover i mykje større grad enn tidlegare kjem til å setje krav til høgdemeter, snøsikker infrastruktur som veg, vasstilhøve for snøproduksjon i høve til spelemidlar og utbyggingsbehov.

4.2.2 Større alpinanlegg

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i tre kategoriar, der det følgjer ein del krav til kvar kategori.

1. Anlegg for nasjonale- og internasjonale arrangement

Krav: FIS godkjende traséar, homologert, varierte moderne traséar for SG, SSL og SL.

Målområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafé etc.)

2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap

Krav: Varierte traséar for SSL og SL som stettar krav til homologering, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafé etc.)

3. Sonerenn/lokale renn

Krav: Funksjonelle anlegg som støttar behovet i lokal området. Desse vert ikkje nemnde i tabellen.

Utbyggingsbehov

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Sogn Skisenter	X			Bakkeplanering og drenering av trasear. Modernisere og utvikle eksisterande snøproduksjonsanlegg.
Harpefossen Skisenter	X			Utbetring jamfør «masterplan» for anlegget.
Jølster Skisenter	X			Utviding av anlegg for snøproduksjon. Ny heis i øvre del. Utviding av barne-/skileikområdet. Etablering av ny varmestove (mellomstasjon).

Sogndal Skisenter		X		Utviding av anlegg for snøproduksjon. Lyssetting av traséar i Rindabotn. FIS homolog.
Stryn Skisenter		X		Utviding av anlegg for snøproduksjon. Utvide belysning for kveldskøyning.
Sunnfjord Skisenter		X		Utvide kapasitet for snøproduksjon, Utbetre barne- /skileikområde.
Hornindal Skisenter		X		Nytt «juniortrekk». Skicrossstrasé og barnepark.
Breimsbygda Skisenter		X		Bør vurdere snøproduksjon (evt. utvide med fleire snøfangarar).

Det er høg investeringsvilje i Sogn og Fjordane, og anleggseigarane/kommunane må gjere ei grundig vurdering m.o.t. aktuelle investeringar i høve til driftsgrunnlag. Å sikre ei god drift i anlegga er i mange samanhengar viktigare enn å arbeide for store utbyggingar. Vidare presiserer ein at anlegg som er realisert ved hjelp av spelemidlar, først og fremst er til for den aktive idretten, samt eigenorganisert aktivitet for barne- og ungdomssegmentet.

4.2.3 Mindre alpinanlegg

Mindre heisar, dvs. heisar under 100 høgde meter og skiheisar i skileikanlegg er noko ein bør satse på. Desse heisane skapar stor aktivitet i forhold til kostnadane med å bygge og drive dei. Desse bør ein legge i samband med eksisterande skianlegg og andre større utfartsstadar for ski.

4.3 Hopp og kombinert

Gode og mindre hoppbakkar er den største utfordringa for hoppporten på anleggssida.

Dette gjeld særleg bakkar opp til K-45. I tillegg må ein legge til rette for tautrekk i bakkane, slik at hoppinga blir effektiv.

Vidare må ein hugse at ferdigheitene til dei unge hopparane utviklar seg raskt, slik at ein også treng bakkar opp til K-45 for rekruttering. Først og fremst bør dette vere i tilknytning til alpinanlegg og eksisterande skiarenaer. Å bygge nye bakkar utanfor eksisterande anlegg er ikkje aktuelt. Vi prioriterer dette framfor andre utbyggingar.

Generelt må anleggseigarane legge vekt på å få til moderne anlegg. Nye hoppanlegg bør plastleggast. Med moderne anlegg meiner ein gode profilar, utstyr til preparering og ikkje minst skitrekk til bakkane. Skal ein vidareutvikle hopp- og kombinertaktiviteten må ein få ned arbeidsinnsatsen rundt prepareringa, i tillegg er det viktig at ein kan hoppe med ein viss effektivitet.

Det er også viktig å stimulere til samarbeid mellom greinene hopp, kombinert og langrenn slik at det blir flest mogleg kompaktanlegg, der hoppdelen og langrennsdelen kan gjennomførast i nærleiken av kvarandre. Dette gjeld anlegg i alle størrelsar, også sommaranlegg (plastbakkar og rulleskiløyper).

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i to kategoriar:

1. Anlegg for nasjonale renn
2. Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap og krinscupar

Utbyggingsbehov

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Nordfjord Fritidssenter	X		Utbetring av bakkar under K-40.
Sogn Skisenter	X		Ferdigstilling av hoppbakkar opp til K-20 med plastlegging. Etablering av K-45. I tillegg etablering av K-70 på sikt.
Vik Skisenter		X	Bygging av dommartårn og plastlegging i minste bakkane (opp til K-25). Prepareringsutstyr.
Kleivabakkane		X	Etablering av hoppbakkar opp til K-40 med plastlegging og tautrekk. Prepareringsutstyr. Vurdere evt. ny plassering.

4.4. Freeski

Anlegg for freeski bør først og fremst etablerast/ utviklast i eksisterande alpinanlegg. Etablering/ utbetring av parkar der ein kombinerer fleire element (hopp, 'rails', boksar, etc.) med utforming som gir god flyt bør prioriterast for å stimulere til lokal freeski aktivitet. Det er laga til ein digital rettleiar for planlegging og bygging av freeskipark i alpinanlegg, som ein kan lese via nettsida: www.snowpark.no. Norges Skiforbund har også erfarne rådgjevarar som kan bidra til dette.

Vidare bør enkelte anlegg etablere park og 'big jump' som stettar krav til FIS standard level C for å arrangere regionale konkurransar, og på sikt nasjonale konkurransar, i slopestyle og big jump.

Anlegg for freeski krev store mengder snø og kan vere utfordrande å preparere i milde vintrar. Det kan vere nyttig å utbetre terrenget på sommarstid slik at ein minimera snømengda som trengs til kvart enkelt element. Ein kan også vurdere å etablere kvalitetskrav for å få anlegga preparerte så tidleg som mogleg, og vedlikehalde anlegga gjennom sesongen.

Anleggskomiteen ynskjer å dele freeskianlegg inn i to kategoriar:

1. **Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap/ krinsrenn**
Krav: Anlegg for slopestyle og big jump som stettar krav til FIS standard level C løyper. Course (løype), moderne servicebygg, og publikumsfasilitetar (kafé, parkering m.m.)

2. Sonerenn/ lokale renn

Krav: Funksjonelle anlegg som støttar behovet i lokal området. Anlegga vert nemnde i tabellen.

Anlegg	Kat. 1	Kat. 2	Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar
Sogndal Skisenter	X		Etablere løype for slopestyle og big jump etter FIS standard level C
Sogn Skisenter	X		Utbetring av park. Etablere løype for slopestyle og big jump
Jølster Skisenter	X		Utbetring av park. Etablere løype for slopestyle og big jump etter FIS standard level C
Hornindal Skisenter		X	Utbetring av park.
Harpefossen Skisenter		X	Utbetring av park
Stryn Skisenter		X	Utbetring av park
Sunnfjord Skisenter		X	Utbetring av park
Breimsbygda Skisenter		X	Utbetring av park
Saurdal skiarena		X	Eablering av park og tautrekk

4.5 Skileikanlegg/basisanlegg

Skileikanlegg er anlegg som består av mindre element som hopp, kuler, svingar, orgeltramp og mindre rundløyper i svak helling. Når skiløparen søker å meistre desse elementa gir det naturleg læring, det vil seie at «terrenget underviser».

Basisanlegg kan bestå av same element som skileikanlegg, men i større utforming som gir større fart, og kan leggst på flater, i helling eller i kombinasjon av begge deler. Basisanlegg har ei utvida målgruppe ift. Skileikanlegg då dette fremjar evne til å skyte fart, balanse og koordinasjon, og vert gjerne omtala som *Skileik versjon 2.0*.

Meir informasjon om skileikanlegg og basisanlegg finn ein på skiforbundet sine anleggssider; <https://www.skiforbundet.no/fagportal/anleggsweb/definisjoner/>

Skileikanlegg:

Godt tilrettelagde skileikanlegg med eit mangfald av element og utfordringar nær bustadområde og skular vil vere viktige i arbeidet med å få fleire med i skiaktivitetar og i rekrutteringsarbeidet for skiidretten.

Avgjerande er snø og lys. Lys er det mogleg å løyse på ein rimeleg måte, men det er meir utfordrande med snø. Etter kvart har det kome snøproduksjonsanlegg også for små anlegg.

Ved utbygging av skileikanlegg i større anlegg som allereie har snøproduksjon, må ein også kunne legge snø i skileikanlegget. I reine skileikanlegg bør ein evt. vurdere mindre snøproduksjonsanlegg.

Alle kommunar bør utfordrast til å bygge skileikanlegg i bustadområde og ved skular. Men ein må vere realistiske i forhold til snøforholda på dei ulike plassane. På plassar med lite snø bør ein tenkje kombianlegg som kan brukast sommar og vinter (sykkel, rulleskøyter og andre idrettar).

Senja kommune i Nord-Norge er eit døme på korleis slike type anlegg kan utviklast. Senja Ski jobbar med å utvikle eit ski- og aktivitetsområde i tilknytning til skule-/barnehageområde med basisanlegg/skileikanlegg til bruk både sommar og vinter. Anlegget skal utformast for ulike brukargrupper i samfunnet, og skal innehalde skileik (bakkar, hopp, kuler, rundløype, svingar, orgeltramp), sykkel, orientering, løp og friluftslivsaktivitetar.

Basisanlegg:

Godt tilrettelagde basisanlegg i etablerte skianlegg, både ordinære anlegg og skileikanlegg, med eit mangfald av element og utfordringar, vil kunne vere eit viktig supplement til utvikling av skiidretten. Både med tanke på utvikling av basisferdigheiter og som eit motiverande supplement i trening og konkurranse for born og unge.

I perioden må ein ha som målsetting at alle større utfartsområde for ski skal ha eit skileikanlegg og/eller basisanlegg, som er bearbeida i naturen med ulike moment.

Opplegg for preparering og utstyr er også viktig når det vert lagt planar for skileikanlegg og basisanlegg. Det bør difor leggjast endå større vekt på driftssida når slike anlegg vert planlagt og skal godkjennast.

HANDLINGSPLAN

5.1 Nye anlegg

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Pri.	Kommentar
Alpint				
Sogndal	Sogndal Skisenter	Utbetere anlegg for snøproduksjon. Lyssetting av traséar i Rindabotn.	1	
Volda	Hornindal Skisenter	Nytt «juniortrekk». Skicrossstrasé og barnepark	2	
Sunnfjord	Jølster Skisenter	Ny heis i øvre del. Utviding av barne-/skileikområdet. Etablering av ny varmestove (mellomstasjon).	3	
Hopp/komb.				
Luster	Sogn Skisenter	Nye bakkar for K-45 og K-70. Plastlegging i heile anlegget.	1	
Sunnfjord	Kleiva	Etablering av hoppbakkar opp til K-40 med plastlegging og tautrekk. Prepareringsutstyr. Vurdere evt. ny plassering.	2	
Langrenn				

5.2 Nærmiljøanlegg/ skileikanlegg

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Pri.	Kommentar
Hopp/komb.				
Sunnfjord	Førde/Hafstadparken	Nye plastbakkar K12 / K20		
Stryn	Stryn sentrum	Nye plastbakkar K10 / K20		
Sogndal	Sogndal/Kvåle	Nye plastbakkar K10 / K20		

Utover ei prioritering av behovet for mindre plastlagde hoppbakkar, ynskjer skikrinsen ikkje å gjere ei prioritering mellom skileikanlegga sidan alle anleggseigarar får midlar til denne type anlegg (i alle fall pr. i dag).

5.3 Rulleskiløyper

Kommune	Stad for anlegg	Innhald i anlegg	Pri.	Kommentar
Luster	Heggmyrane	Rulleskiløype, asfalt	1	
Sogndal	Hodlekve	Rulleskiløype, asfalt	2	

5.4 Rehabilitering

	Stad for anlegg	Behov for endring	Pri	Kommentar
Alpint				
Gloppen	Breimsbygda Skisenter	Snøproduksjon og evt. Snøfangarar	1	
Luster	Sogn Skisenter	Utbetring av trasèar. Utvida kapasitet for snøprod.	2	
Stryn	Stryn Skisenter	Utviding av anlegg for snøproduksjon. Utvide belysning for kveldskøyning.	3	
Sunnfjord	Sunnfjord Skisenter	Grunnplanering av trasear, sikre drenering i nedre delar av anlegget.	4	
Sunnfjord	Jølster Skisenter	Bakkeplanering, sikring av fartstrasé. Utvide kapasitet for snøproduksjon.	5	
Stad	Harpefossen Skisenter	Utbetring jf. «masterplan» for anlegget.	6	
Sogndal	Sogndal Skisenter	Drenering og planering av trasèar.	7	
Hopp/komb.				
Stryn	Bjørkelibakkane	Tautrekk i småbakkane. Utbetre bakkane opp til K-40	1	
Vik	Vik Skisenter	Prepareringsutstyr. Utbetring av bakkar opp til K-25 til heilårs-anlegg.	2	
Langrenn				
Sogndal	Sogndal Skisenter	Utbetre stadionområde m/sprintløype og eksisterande løypetrasé (FIS homologiserte). Nytt servicebygg. Etablere anlegg for snøprod. Og skileikområde.	1	
Sunnfjord	Langeland Skisenter	Lyssetting i FIS-godkjente løyper. Utbetring av løypetrasé.	2	
Luster	Sogn Skisenter	Utbetre eksisterande løypetrase og delvis nye trasear. Utvide anlegg for snøproduksjon.	3	
Gloppen	Høgdene Skisenter	Nytt start og målområde, nytt eller breiare og meir varierte trasear.	4	
Stad	Tua Skisenter	Breiare trasear og betre lysforholda. Etablere anlegg for snøproduksjon.	5	
Gloppen	Breimsbygda skisenter	Utbetring av lysløypa	6	
Gloppen	Kleivane Skisenter	Utbetre servicebygg	7	
Stryn	Ullsheim Skisenter	Utbetre/rehab. løypenettet (drenering, breidde). Utvikle skicrossløype og skileikområde.	8	

Sogndal	Kleppa	Overflateplanering, flytting av stadionområde.	9	
Vik	Vik Skisenter	Utbetring av parkeringsområde. Etablere anlegg for snøproduksjon.	10	

Sogn og Fjordane Skikrins

-anleggskomiteen-